**PROGRESJONSPLAN FOR Å STYRKE BORNA SIN SOSIALE KOMPETANSE GJENNOM PROGRAMMET «VÆRE SAMAN»**

I løpet av barnehagetida i **Nordbygdene barnehage** ynskjer me at borna skal lære seg sosiale ferdigheiter og utvikle seg positivt sosialt og emosjonelt. Det er store individuelle forskjellar på når kvart enkelt barn er klar for ny læring og vil nå dei ulike måla. Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing, og er viktig for at born skal kunne bygge gode venerelasjonar. Ny forsking viser at gode venerelasjonar er viktig for borna sitt sjølvbilete, og dermed eigen psykiske helse.

<u>**Hovudmålet vårt er**</u>:

**….at det i Nordbygdene barnehage er eit godt psykososialt miljø der born kjenner seg trygge og inkluderte med støtte frå varme og tydelege vaksne. All adferd som er krenkande og sårande for andre blir ikkje akseptert og blir tatt fatt i med eingong.**
**(jmf. «Plan mot utestenging og mobbing»)**

<table>
<tr><td colspan="4"><u>Kvart år:</u> Nye foreldre får INFO-brev m/progresjonsplan ved oppstart.<br>Barnehagen skal ha eigne «Være saman»-veker gjennom heile året. (sjå Årsplan)</td></tr>
<tr><td rowspan="3"><u>DELMÅL:</u><br><br>Barnehagen skal bidra til å styrke bornas:<br><br>* Empati<br>* Sjølvkontroll<br>* Sjølvhevdelse<br>* Prososial adferd<br>* Leik, humor, glede<br>* Inkluderande adferd<br>* Tilhøyring<br>* Venskapsrelasjon</td><td>ALDER:</td><td>«VÆRE SAMAN» - MATERIELL:</td><td>SOSIALE FERDIGHEITER:</td></tr>
<tr><td>1 – 2 ÅR</td><td>Bli kjent med løva ved å ta den med på samlingar slik at barnet får kjennskap til Regnbueløva frå dag ein.<br><br>Høyre på Løveloven og dei andre songane.</td><td>- Turtaking i leik med vaksne<br>- Samspel i «titt-tei»-leik<br>- Oppsøkjer andre born og vaksne</td></tr>
<tr><td>2 – 3 ÅR</td><td>Bli meir kjend med løva og venene til løva ved å sjå og prate om bileta i boka.<br><br>Prøve å vere med å synge delar av teksten i songane.<br><br>Sjå på/prate om temabøkene på samlingar.<br><br>Ta i bruk temakort.<br><br>Jobbe med følelsesuttrykk som «glad, sint, lei seg, redd». (henge opp plakatar)</td><td>- Viser glede ved å vera saman med og sjå att borna i bhg.<br>- Gjev frå seg leiker til andre born<br>- Ser når andre er lei seg, har evne til empati<br>- Kan motta og forstå ein enkel beskjed<br>- Leikar parallell-leik, imitere andre<br>- Begynnande rolleleik<br>- Sitje til bords ved matbordet<br>- Takke for maten<br>- Kan bruke orda: «kan eg få?»</td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| **<u>METODE:</u>**<br><br>**- Skape eit inkluderande miljø på avdelingane**<br>**- Rose ønska adferd**<br>**- Nytte «Være saman»-materiellet**<br>**-Kompetanseheving og bevisstgjering av dei vaksne (personalet og foreldre)**<br><br>**<u>VAKSENROLLA:</u>**<br><br>*** Aktive og deltakande i borna sin leik**<br>*** Gode og tydelege rollemodellar**<br>*** Anerkjennande og støttande i relasjon til borna**<br>*** Lyttande og undrande til borna sitt perspektiv**<br>*** Gjev positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra**<br>*** Ha tydelege forventningar til borna si adferd** | **3 – 4 ÅR** | Få kjennskap til historia om Regnbueløva ved å sjå bilete på skjerm/lerret.<br><br>Prate om/bruke løva i daglege hendingar.<br><br>Nytte temabøkane i samlingar el. pratestunder for å ta opp aktuelle situasjonar i gruppa.<br><br>Synge fleire av songane.<br><br>Bevisstgjere born på ulike følelsesuttrykk. | - Utviklar vennskap med andre<br>- Meir fantasi i leiken<br>- Meistrar turtaking med andre born i leik<br>- Viser empati ved å trøyste andre<br>- Tek initiativ til å leike åleine og med andre<br>- Er meir uthaldande i leik og aktivitetar<br>- Kjem inn i leiken på ein positiv måte<br>- Spørje om å få vere med på andre sin leik<br>- Begynner å forstå at ein må dele med andre og hjelpe andre<br>- Fortsår forskjellen på sint, lei seg, redd, glad.<br>- Sjå andre kvar dag ved å seie HEI og HA DET |
| | **4 – 5 ÅR** | Lese heile boka og ha samtaler omkring nøkkelorda over tid.<br><br>Ha kjennskap til Løveloven og fortelje kvifor Løveloven er bra å ha.<br><br>Bruke løva og Løveloven i daglege situasjonar saman med borna.<br><br>Ta i bruk rollespel, plansjar og flip-over for å samtale om faktiske hendingar i barnegruppa.<br><br>Lære tekstane og prate om innhaldet i songane. | - Meistrar sosiale spelereglar som å dele på leiker, spørje om å få bli med, inkludere andre i leiken osb.<br>- Utviklar rolleleik og regelleiker<br>- Samarbeider med andre born og vaksne (delta t.d. i fellesrydding, samlingar)<br>- Har ein viss sjølvkontroll, viser kjensler utan at det går ut over andre<br>- Er ikkje avhengig av å ha vaksne med i leik, vågar å prøve ut ting og taklar utfordringar betre<br>- Forstår leikesignal frå andre<br>- Inkluderer barn som vil inn i leiken<br>- Opplever at det er viktig å ha ein ven |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | **5 – 6 ÅR** | Lese og repetere innhaldet i boka og ha samtaler om kva dette betyr for eigen veremåte i samspel med andre.<br><br>Kunne Løveloven og fortelje andre om kvifor løveloven er bra.<br><br>Nytte løva, innhaldet i historia, rollespel, temabøkene og plansjane til å knytte samtaler med borna opp til faktiske hendingar i barnegruppa.<br><br>Delta i pratestunder der faste tema blir tatt opp. | - Tek i mot og forstår ein kollektiv beskjed<br>- Utfører prososiale handlingar som å dele med andre, trøyste andre, hjelpe til med daglege gjeremål o.l.<br>- Viser kjensler på ein akseptabel måte<br>- Er initiativrik og sosialt aktiv utan å styre over og dominere andre<br>- Vågar å stå fram og hevde seg sjølv i gruppa<br>- Innrettar seg etter ordensrutinar, spelereglar og fellesaktivitetar<br>- Løyser enkle konfliktar sjølv, men treng hjelp ved litt meir avanserte konfliktar<br>- Leikar konstruksjonsleik, regelleik og rolleleik med mindre vaksenstøtte<br>- Invitere andre inn i eigen leik<br>- Klarer å setje ord på eigne følelsar (til ein viss grad) |

Nordbygdene barnehage, 15.09.23

Einfrid Hagen, styrar